



# FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

28949/2016

Dato: 02.12.2016

Vår ref.: 2016/292 -

Ark.kode: 022.3

## Møtereferat

<b>Møte i:</b> Barnehageutvalet	<b>Dato:</b> 29.11.16	<b>Tid:</b> 16.00-18.00
<b>Medlemmer som møtte:</b> Ernst M.Einarsen (H), Eva Vik (AP), Kristin Brennhaug (KrF)	<b>Forfall:</b>	
<b>Andre:</b> Servicetorgsjef Lillian Torsvik, rådgjevar barnehagemynde Janne Digranes Larsen, kommunal barnehagesjef Margun Landro, <i>representantar for ikkje-kommunale barnehagar:</i> Ann-May Eltvik (Soltunet Familiebhg), Lise Lauvik (Langøy Friluftsbhg), Bjørg Å.Krogsæther og Eirin W. Berger (Løveparken bhg), Lene F.Fjell og Bodil Foldnes (Tiriltunet bhg), Torill Hesjedahl (Knerten familiebhg), Kristofer Lie (Gardstunet bhg)	<b>Referent:</b> Janne Digranes Larsen	

### Faste saker/tema

Saksnr	Sakstittel		
1/8	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste. Godkjenning av referat frå førre møte i barnehageutvalet (21.06.16)</b>  Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.  Godkjenning av referat frå førre møte (21.06.16), vart godkjent utan merknader.		
2/8	<b>Drøftingsmøte med barnehageeigarar.</b> Leiar i barnehageutvalet, Ernst M. Einarsen, informerte om barnehageutvalet. Presentasjonsrunde rundt bordet. Det vart opna opp for innspel: <ul style="list-style-type: none"><li>- Gratulerer Langøy med pris for årets barnehage. Bra gjort. Det er også positivt for kommunen at ein av barnehagane får ein slik pris.</li><li>- Leiar for utvalet stiller spørsmål om det vert jobba med psykososialt miljø i dei private barnehagane, eventuelt korleis. Dette er noko barnehageutvalet ser på som viktig. Eigarane fortel at dei alle jobbar kontinuerlig med psykososialt miljø i barnehagen. Mobbing starter allereie i barnehagen, så dette er noko det må jobbast med heile tida. Tidleg innsats, overgangssamtalar mellom barnehage-skule, og eit godt</li></ul>		

	<p>foreldresamarbeid vart trekt fram.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samarbeid med ulike instansar (til dømes barneverntenesta, PPT, rettleiarteam mm).</li> </ul> <p>Einighet om at samarbeid med barneverntenesta fungerer bra når slikt samarbeid er nødvendig. Nokre har opplevd at det ikkje er alltid nødvendig informasjon har vore gitt frå barneverntenesta grunna teieplikta, det kan då gjere det utfordrande å gje barn riktig hjelp tidleg ute i barnehagane. Fleire opplever det som utfordrande å samarbeide med PPT, mest grunna det at det skjer for lite, og det skjer for seint. Når det gjeld tilbudet kommunen gjev gjennom sitt rettleiarteam er det berre positive tilbakemeldingar. Dei er til stor hjelp, og kjem raskt på banen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Økonomi. Det er vanskelig å få det til å gå rundt økonomisk, tilskot frå kommunen er for låge. Kapitaltilskot vert opplevd som litt urettferdig for eigarar av eldre barnehagar. Kommunen held lovverket, og det skal vere likt for alle. Innspelet vert likevel teke på alvor.</li> <li>- Ymse. Det vart snakka om diverse tilbud, til dømes symjekurs og kompetansehevingstilbod. Det er viktig at barnehagane nyttar seg av dette.</li> </ul>		
3/8	<p><b>Oversyn over refusjon mellom kommunar, barnetal og økonomi.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Servicetorgsjef Lillian Torsvik informerte om refusjon mellom kommunar første halvår 2016, ho gav også status over barnehageplassar i kommunen. Det var 30 ledige plassar ved dette barnehageåret si start, p.t er det fullt. Alle som har rett til plass i følge barnehagelova, har fått plass.</li> <li>- Teljetidspunkt. Lillian gav ein gjennomgang av korleis det fungerer med 3 teljetidspunkt. Ho stilte deretter spørsmål til eigarane om kva dei meiner fungerer best; 1 teljetidspunkt 15 desember, eller 3 teljetidspunkt slik vi har no. Her kom det litt ulike tilbakemeldingar. Fleire meiner det er lettare med berre eit teljetidspunkt fordi man då har eit stabilt budsjett gjennom heile året, andre synes det fungerer best med 3, og at dette også er det som blir det mest riktige.</li> </ul>		
4/8	<p><b>Endringar i barnehagelova.</b></p> <p>Margun og Lillian informerte:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• §19; retten til spesialpedagogisk hjelp. Denne låg tidlegare i opplæringslova, men er no flytta til barnehagelova. Mykje er vidareført, men det er også gjort nokre endringar. Mellom anna er kommunen sin plikt til å leggje tilrette barnehagetilbodet for barn med nedsatt funksjonsevne, no lovfesta i barnehagelova</li> </ul>		

	<p>§19g.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rett til barnehageplass §12a; utvida til også å gjelde for barn som fyller 1 år i september og oktober det året det vert søkt om barnehageplass.</li> <li>• Fylkesmannen kan føre tilsyn med den enkelte barnehage, §9, andre ledd.</li> <li>• Jfr. barnehagelova §12 og §12a, tidlegare avgjersle om at kommunen minimum skal ha eit hovudopptak i løpet av året, er oppheva. Det er no opp til kommunen å organisere opptaket til barnehage.</li> </ul>		
<b>5/8</b>	<p><b>Høyring; forskrift om ny rammeplan.</b></p> <p>Det kjem ny rammeplan for barnehagane i 2017, og utkast til denne er no ute til høyring. Dette er ei viktig sak, då det er eit dokument som set fokus på innhaldet i barnehagane. Høyringsfristen er sett til 20.02.17. Administrasjonen vurderer eventuell høyringsuttale.</p>		
<b>6/8</b>	<p><b>Revidering av lokale retningslinjer.</b></p> <p>Dei lokale retningslinjene må tidleg i 2017 vurderast og eventuelt justerast med bakgrunn i endringar i barnehagelova og sentrale forskrifter. I tillegg må opptaksrutinar vurderast.</p>		
<b>7/8</b>	<p><b>Strategi for framtidig barnehageutbygging.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- KS vedtak 28.11.13 - sak 124/13</li> <li>- Ågotnes kommunale barnehage er ferdig hausten 2017. Dette gir ein kapasitet på 30 plasser.</li> <li>- Samla kapasitet av barnehageplassar må vurderast på nytt ved neste hovudopptak.</li> </ul>		
<b>8/8</b>	<p><b>Ymse.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- God erfaring å ha med private barnehageeigarar.</li> <li>- Positivt med gode tilbakemeldingar til kommunal barnehagesjef for eit rettleiarsteam som fungerer bra.</li> <li>- Neste gang private barnehageeigarar er med på møte bør utvalet spele inn nokre saker på førehand og oppmoda eigarane til å snakke saman på førehand om kva dei eventuelt ynskjer å ta opp.</li> </ul>		